



Arkivnr: 2014/598-3  
Saksbehandlar: Bjarte Molvik

## Saksframlegg

### Saksgang

| Uttal         | Saknr. | Møtedato   |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet |        | 23.04.2014 |

## Fylkeskommunale gardsbruk - fordeling av investeringsmidler 2014

### Samandrag

I budsjettet for 2014 er det løyvd 1 million kroner til opprusting av fylkeskommunale gardsbruk, og fylkeskommunen har 3 gardsbruk som er aktuelle for å få tildelt midlar. Det er Stend vgs., Voss Jordbruksskule og Hjeltnes vgs. Med utgangspunkt i søknadane som er motteke rår ein til at det vert løyvd 450 000,- kroner til kjøp av utstyr ved Stend vgs, 315 000, kroner til kjøp av utstyr ved Voss jordbruksskule og 235 000,- kroner til kjøp av utstyr ved Hjeltnes vgs.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner slik disponering av midlane på samlepost til opprusting av fylkeskommunale gardsbruk for 2014:

| Stad | Art      | Prosjekt | Tekst  | Meirutg./<br>mindreinnt. | Mindreutg./<br>meirinnt. |
|------|----------|----------|--|--------------------------|--------------------------|
| 10   | 65802000 | 02320    | Stend vgs, - Kjøp av utstyr                    | 450 000                  |                          |
| 10   | 65902000 | 02320    | Voss jordbruksskule - Kjøp av utstyr           | 315 000                  |                          |
| 10   | 65702000 | 02320    | Hjeltnes vgs - Kjøp av utstyr                  | 235 000                  |                          |
| 10   | 77202900 | 02320    | 06999 Jordbruksskulegarder m.v. - Samleløyving |                          | 1 000 000                |
|      |          |          |  | 1 000 000                | 1 000 000                |

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny E. Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 03.04.2014

Fylkeskommunen har 3 gardsbruk i drift ved følgjande skular:

- Stend vgs.
- Voss jordbruksskule
- Hjeltnes vgs.

Det er i budsjettet for 2014 løyvd 1 million kroner til investeringar ved gardsbruka. Dei tre gardsbruka har sendt søknad om midlar til ulike tiltak knytt til utstyr, bygningar og uteområde. Samla er det søkt om midlar som overstig den ramme ein har til disposisjon.

Ein rår til at kjøp av utstyr vert prioritert innanfor ramma ein har til disposisjon og at følgjande innkjøp vert tilrådd.

### Stend vgs.

#### 1. Stripespreiar

Generelt i landbruket er stripespreiar vore i bruk i mange år. I forhold til tidlegare typar utstyr gjev denne spreieren ein betra situasjon både for bonden og for omgjevnadane. Ved at gjødsla vert spreia ned i jorda, heller enn via lufta, oppnår ein mellom anna ei betre fordeling av gjødsla og mindre utslepp til luft/avdrift. Ein kan spreie i dårlegare ver enn tidlegare og likevel få mindre luktproblem for omgjevnadane.

#### 2. Jordbearbeidingsutstyr

Slodd og skålharv er sentralt utstyr i jordbearbeidinga av eng. Eksisterande utstyr er utslit og trengs og fornyast.

#### 3. Oppgradering av mjølkerobot - celletallsmåler

Då skulen kjøpte mjølkerobot for nokre år sidan var dette ikkje ein del av standardutstyr. Utstyret er imidlertid blitt meir og meir standard ved slikt utstyr, og gjer det mogleg å overvåke celletalet til den einskilde kua medan ho vert melka. Dette vil over tid gje lågare kostnadar til vetrinær og prøvetaking ved eventuelt sjukdom. For høge celletall gjev og redusert kvalitet på mjølka som vert levert, og derigjennom lågare pris.

#### 4. Dyretilhenger

Deler av forflytninga av dyr skjer i dag i form av "driving" langs med offentleg og trafikkert veg. Dette inneber risiko i forhold til trafikk og det å halde dyra unna andre sine eigedomar.

Samla rår ein til at skulen for ei løyving på 0,45 million kroner til ovannemnde tiltak.

### Hjeltnes vgs.

#### 1. Utstyr til planteproduksjonen

Gjødselblandaren som er i bruk i planteskulen har lenge vore vanskeleg å drifta og «ustadig». I fjor haust slutta han heilt å virka. Alder og tidlegare reperasjonar tilseier at me må kjøpa ny.

Vidare har skulen i frukthagen ein traktormontert grasknuser som blir køyrd mellom frukttre rekkene fleire gonger i sesongen. Skulen er heilt avhengig av dette utstyret for å få gjort slåttarbeidet i frukthagen, og dagens utstyr kan ryka når som helst pga svakhet i hovudaksling.

## 2. Fliskuttar -Utstyr til rydding av utkantar, åkerreiner, beite og grøntanlegg

Det er kvart år mykje trevirke som vert rydda på bruket. Noko vert saga opp til ved til bruk på internatet og selet i fjellet, men mykje greinmasse må køyrast på greintipp for sakte omdanning. Denne greinmassen kunne vore kutta opp og ført tilbake i grøntanlegg eller utmark. Denne måten å behandla trevirke på er vanleg i større anleggsgartnerfirma, og difor relevant i høve til undervisning. For å få dette til er det behov for ein fliskuttar. Effektivitetskrav og at han må ta greiner av stor dimensjon set krav til storleiken på utstyret.

Samla rår ein til at skulen for ei løyving på 0,235 million kroner til ovannemnde tiltak.

### Voss Jordbruksskule

#### 1. Gjødselevogn

Skulen sine nære jordbruksområde minkar, og det gjer at meir av gjødsla må transporterast bort.

Skulen har pr dato kun ei gamal vakumvogn, og me treng større kapasitet for å få ut gjødsla til våre leigeområder innafor ei rimeleg tid. Det er mykje transport ut frå skulen og til områda som ligg med 10-15 min køyring ein veg.

#### 2. Skiveslåmaskin

Skulen har i dei siste åra ikkje hatt eiga skiveslåmaskin, men har leigd inn maskin til dette arbeidet.

Dette ynskjer skulen å endra på ved å gjera denne prosessen sjølv med elevar og fagarbeidar. Skulen har då behov for ei skiveslåmaskin som har den rette dimensjonen i høve til å leggja graset slik at skulen kan bruka eksisterande grasballemaskin til å gjera sluttarbeidet.

Samla kostnad med ovannemnde utstyr er kostnadsrekna til om lag 0,3 million kroner. Ein rår til at skulen får ei løyving på 0,315 million kroner og at eventuelle restmidlar over 0,3 million kroner og vert nytta til utstyrskjøp.